



Lorentz Olsen  
Andreas Gjellesviks veg 23  
5260 INDRE ARNA

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/3303 - 15/32431

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
21.10.2015

## Utsleppsløyve for hytte på vilkår - gbnr 214/35 Fyllingsnes.

### Administrativt vedtak. Saknr:

**Tiltakshavar:** Lorentz Olsen  
**Ansvarleg søker:** Lorentz Olsen  
**Type utslipp :** Sanitært avløpsvatn med utslipp mindre enn 50 pe  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr 214/35 (Litlevågsbrotet 51). I samsvar med søknaden skal utslippet frå eigedomen reinsast i slamavskiljar før utslippet vert ført vidare i tett leidning til sjø på minst 10 meter djupne. Det skal installerast vassklosett. Storleiken til utslippet er opplyst til 6 pe. Det vert elles vist til søknad mottatt 11.09.2015.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i område som er omfatta av Storneset strandplan, planID 1263-20101976. Området er sett av til byggeområde for fritidsbustadar. Området i sjø er i arealdelen til kommuneplanen sett av til bruk og vern av vassdrag, med tilhøyrande strandsoner. Det er registrert omsynssone friluftsliv i sjøområdet. Tiltaket er i samsvar med strandplanen og vil ikkje heller ikkje vera i strid med arealføremålet i sjø, jf punkt 6.2 i føresegnene til kommuneplanen.

Det er søkt om dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona, jf pbl § 1-8, men då tiltaket ligg innanfor eldre godkjend plan utan byggjegrænse vil denne gjelda framfor det generelle byggjeforbodet i pbl § 1-8, jf



fortolkning frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet datert 17.05.2015. Dispensasjon vil i dette tilfelle såleis ikkje vera naudsynt.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.

### **Plassering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart i mottatt 04.09.2015.

### **Reinseløysing**

Utsleppet frå eigedomane skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført vidare i tett leidning til sjø. Utsleppspunktet ligg på minst 10 meter djupne.

Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

### **Privatrettslege tilhøve**

Lorentz Olsen er oppgitt som ansvarleg søkjar og eigar, jf punkt 1 og 9 i søknadsskjema. I følge matrikkelen, som er det sentrale eigedomsregisteret i Noreg, er det Steinar Olsen som er heimelshavar og eigar av eigedomen. Det ligg ikkje føre erklæring som gjev Lorentz Olsen rett til å søkja om tiltak på eigedomen, men heimelshavar har gjennom nabovarslinga samtykka til omsøkte tiltak.

Vedtaket vert gjort på vilkår av at søkjar dokumenterer rett til å søkja om tiltak på eigedomen.

Dokumentasjon vert å senda inn snarast. Ytterlegare handsaming av saka vert ikkje gjort før slik dokumentasjon ligg føre.

### **Drift og vedlikehald**

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar eller fritidsbustadar skal tømmast heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf forureiningsforskrifta § 12-13.

Naudsynte slamavskiljar skal inngå i den kommunale slamtømmeordninga, jf Forskrift for slamtømming. Forskrifta gjeld for heile kommunen med unntak av

- veglause grender og øyar og eigedomar som elles ikkje er tilknytt offentleg vegnett
- eigedomar der tømmetanken ligg lengre enn 100 meter frå køyrbar bilveg
- eigedomar der tømmetanken ligg lågare enn 8 meter frå køyrbar bilveg.

### **Naturmangfaldlova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Området inst i Litlevågen er eit statleg sikra friluftsområde som er merka badeområde.

### **VURDERING**

På eigedomen gbnr 214/35 er det 3 hytter. Omsøkte tiltak gjeld utslepp frå hytte med adresse Litlevågsbrotet 51. Hytte på eigedomen, med adresse Litlevågsbrotet 47, har godkjend utsleppsløyve.

Slamtømming skjer med traktor/liten bil i følge føretaket som tømmer slam. Slamtømming med traktor/liten bil er ikkje innanfor vilkåra i gjeldande forskrift for slamtømming.

Ordninga med traktortømming vart ved innføring av gjeldande slamforskrift vidareført for eigedomar som tidlegare hadde fått godkjend løysinga, men det vert ikkje godkjend nye slamtankar som ikkje fell inn under vilkåra. Då slamtømming ikkje er mogleg innanfor vilkåra for hytta med adresse Litlevågsbrotet 47, er det heller ikkje mogleg for hytta på Litlevågsbrotet 51 då denne ligg om lag 90 meter lenger sør og ikkje har tilfredsstillande veg fram.

Når slamtømming ikkje er mogleg innanfor vilkåra i slamtømmeforskrifta kan det heller ikkje gjevast utsleppsløyve som omsøkt. Men i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-9 kan gråvatn førast til sjø i mindre følsamt område utan reinsing. Sjøresipienten i området vert vurdert som god. Administrasjonen vurderer at registrerte friluftssinteresser i området ikkje er til hinder for å kunne gje utsleppsløyve for gråvatn utan reinsing til området. Vassklosett vert ikkje tillatt installert. Det må nyttast avlaupsfritt toalett.

### **Godkjenning etter andre lovverk**

Tiltaket krev at det vert gitt løyve til tiltaket etter reglane i plan- og bygningslova og hamnelova. Søknad om løyve etter hamnelova vert å senda av Bergen og Omland Havnevesen for handsaming.

### **VEDTAK:**

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for fritidsbustad med adresse Litlevågsbrotet 51 på følgjande vilkår:**

1. Løyvet gjeld utslepp av gråvatn. Det skal installerast avlaupsfritt toalett.
2. Utsleppet skal førast i tett og nedgraven leidning til sjø på minimum 10 meter djupne.
3. Søkjar må dokumentera rett til å søkja om tiltak på eigedomen.
4. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
5. Etablering av anlegget kan ikkje ta til før det ligg føre løyve til tiltak etter plan- og bygningslova og hamnelova.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

#### *Ansvar*

*Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.*

#### *Bortfall av løyve*

*Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.*

#### *Ferdigstilling*

*Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melde i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.*

*Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.*

#### *Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet*

*Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegget si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.*

*Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endra vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.*

#### **GEBYR**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

<b>Kode</b>	<b>Skildring</b>	<b>Tal</b>	<b>Sum</b>
17.2.3	Utslepp < 50 pe	Kr	5 600,-
	Totalt gebyr å betala		5 600,-

**Klage over gebyr**

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunnngjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/3303

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lindås Rør & Sanitær AS, Steinar  
Olsen

**Mottakarar:**

Lorentz Olsen

5914

ISDALSTØ